



Samferdselsministeren
Postmottak@sd.dep.no

Dato: 28.08.2015
Vår ref.: 2015/8806-1
Saksbehandlar: anifjel
Dykkar ref.:

Fråsegn - framtida for sjøtrafikksentralen på Fedje

Hordaland fylkesutval har i møte 27. august 2015 samrøystes vedteke slik fråsegn:

"Fråsegn - Framtida for sjøtrafikksentralen på Fedje

Regjeringa har ved samferdselsministeren valt å utgreia samanslåing av sjøtrafikksentralane i landet, med mogeleg konsekvens at Fedje sjøtrafikksentral vert føreslått nedlagt, og flytta til Rogaland.

Den maritime overvakinga av eit av Nord-Europas mest trafikkerte og risikofylte farvatn, vert i dag styrt frå Fedje sjøtrafikksentral. Denne sentralen har med si plassering midt i overvakingssområdet, svært gode føresetnader for å ha kontroll med skipstrafikken, både elektronisk og visuelt. Over halvparten av alle tankskip på norskekysten er innom Fedjesentralen sitt overvakingssområde. På Fedjesentralen står høgkompetent maritimt personell for overvaking, rettleiing og risikovurdering av trafikken i området døgnet rundt.

For fylkesutvalet i Hordaland er det avgjerande for sjøtryggleiken i vårt område, at Fedje sjøtrafikksentral vert oppretthalden som i dag. Fylkesutvalet ber Regjeringa ved samferdselsministeren leggja denne ballen død ein gong for alle, og ikkje bidra til å skapa uro rundt sjøtryggleiken i fylket vårt.

Med helsing

Tom-Charster Nilsen
fylkesordførar